

## Kort samandrag *Lokasenna* / *Loketretta*. Forkorta gjennom tolking!

**Prosainnleiing:** Havjotunen Æge [på Læsø i Kattegat] har drikkegilde for æsene – og alvar (?). Loke blir kasta ut fordi han drep ein av tenarane til Æge. Loke kjem att og prøver å koma seg inn att på festen, og møter annan Æge-tenar, Elde 'kokken':

### Loke utanfor:

1-5. Ordveksling med Elde. Loke varslar at han skal gå inn og skifte samtalemnet til gudane; skal fornærme og bakvaske.

### Loke går inn, får plass:

6-10. Ingen vil gje Loke plass før han minner Odin om at dei er fosterbrør frå gamledagar; Odin skulle ikkje smaka mjød utan at begge fekk.

**Loke fornærmar "alle"** – alt kan vera skuldingar om *ergi* f. 'ukarslegheit' (menn) og 'nymfomani, dyriskheit' (kvinner), truleg samla: 'som har sterk / unaturleg trong til å bli penetret' (E. H., jf. adj. *argr* / *ragr*):

- 11-15 Fornærmar **Brage**: Helsar alle, bortsett frå han. Brage prøver å kjøpe fred med han. Loke skuldar han for *ergi* 'feigskap'. Han sit trygt, for drikkegildet / hallen til Æge er heilag stad.
- 16-18 Fornærmar **Idunn**: Ho er *org* 'nymfoman'; har lege med drapsmannen til bror sin.
- 19-20 Fornærmar **Gjevjon**: Ho er *org* 'nymfoman'; har prostituert seg for ei sølje. Farleg, for Gjevjon veit lagnaden. Altså, E.H.: Farleg fordi spåing er å påverke lagnaden.
- 21-23 Fornærmar **Odin**: Han har favorisert dei som er *argir* 'feige' i strid. Odin kontrar: OK, men Loke er *argr* 'kjerringaktig i bokstaveleg forstand', har gjort kvinnearbeid og mjølka kyr eller vore ku.
- 24-25 Fornærmar **Odin**: Han dreiv med seid, var trollmann, var altså *argr* 'kjerringaktig, pervers'.
- 25-28 Fornærmar **Frigg**: Ho er *org* 'nymfoman', har vore utru mot Odin, lege med brørne hans.
- Fornærmar **Frigg**: Loke var den som fekk Balder drepen. Det er farleg, for Frigg kjenner lagnaden.
- 29-31 Fornærmar **Frøya**: Ho er *org* 'nymfoman', har lege med alle gudane og alvane.
- 32 Fornærmar **Frøya**: Ho er *org* 'nymfoman', har lege med bror sin, og fjerta.
- 33 **Njord** fornærmar Loke: Han er *argr* 'kjerringaktig', har fødd barn.
- 34 Fornærmar **Njord**: Han er *argr* 'underlegen mann', brukt på pinlegaste vis av lågstatuskvinner.
- 35-36 Fornærmar **Njord**: Han har son (Frøy) med syster si.
- 37-40 Fornærmar **Ty**: Han dømer urettvist og er *argr* 'mann utan sverdhand'. Ty kontrar: Men vi har bundi avkomet ditt, Fenre, til Ragnarok.
- 40 Fornærmar **Ty**: Du er *argr* 'ikkje mann', for eg har fått barn med kona di, og ikkje fått skadebot.
- 41 **Frøy trugar Loke**: Teier han ikkje, blir han bunden, som ulven.
- 42 Fornærmar **Frøy**: Han er *argr* 'utan sverd, altså ikkje mann'.
- 43-46 Fornærmar **Byggve**: Er *argr* 'underlegen og som dyr, altså ikkje mann', og gjer ikkje gagns arbeid og er feig, altså ikkje mann.
- 47-48 Fornærmar **Heimdall**: Har lågstatusoppgåve, langt frå folk med ryggen til (?), er altså *argr* 'ikkje mann'.
- 49 **Skade trugar Loke**: Vi skal binde deg på sverd, med tarmene til sonen din.
- 50 Fornærmar **Skade**: Det var eg som fekk drepe far din. (Ho er altså familieoverhovud, og dermed er det mannsfornærming Loke brukar mot henne.)
- 51 **Skade trugar Loke**, generelt: Kan vente vondt.
- 52 Fornærmar **Skade**: Ho er *org* 'nymfoman', har late seg forføre av Loke, som er drapsmannen til far hennar.

### Avrundning, Tor kjem inn i handlinga, 53-65:

- **Siv**, kona til Tor, prøver å mekle, byd Loke mjød (vil truleg hindre at Tor drep på fredhelga grunn).
- Fornærmar **Siv**: Ho er *org* 'nymfoman', har late seg forføre av Loke.
- **Bøyla** varslar at Tor kjem.
- Fornærmar **Bøyla**: Ho er *org* 'som dyr', drit og lågstatus.
- Fornærmar **Tor**: Han er *argr* 'ikkje mann', kjem ikkje til å tore å slåst med ulven i Ragnarok, kjem til å tapa.
- Fornærmar **Tor**: Han er *argr* 'redd' (viser til myte).
- Fornærmar **Tor**: Han er *argr* 'veik, hjelpelaus, altså ikkje mann' (viser til myte).
- **Tor trugar Loke**, skal slå av han hovudet, kaste han til himmels, sende han til Hel; trugar tre gonger.
- **Loke gjev seg**, veit at Tor meiner alvor, går.
- **Trugar Æge** til avskil, garden hans skal brenne.

**Sluttprosa:** Gøymer seg som laks i foss. Æsene fangar han, bind han med tarmene til sonen, Skade festar giftorm over han, dryp i ansiktet på han.